

# Serviceerklæring Ulvik herad

## PLEIE OG OMSORG I HEIMEN / HEIMESJUKEPLEIE

### Heimelsgrunnlag

Helse og omsorgslova § 3-2, pkt 6 a), Pasient og brukarrettighetslov § 2-1 a), Forskrift om kvalitet i pleie og omsorgstenestene, Forskrift om verdig eldreomsorg i tillegg til reglar knytt til Forvaltningslova

### Føremål med tenesta

- Å yta nødvendig helsehjelp i heimen
- Å førebyggja forverring av tilstand/situasjon for å redusera eit pleiebehov
- Ved å ta i mot helsehjelp i heimen kan du bu lenger heima sjølv om hjelpebehovet er stort

### Kven kan få tenesta

- Akutt eller kronisk sjuke/funksjonshemma, uavhengig av alder eller økonomi, som har behov for sjukepleie i eigen heim.
- Tildeling etter ei total vurdering av egne ressursar og helsetilstand.
- Alle som bur eller oppheld seg i Ulvik

### Innhaldet i tenesta

- Hjelp til eigenomsorg eller deler av eigenomsorg
- Hjelp/rettleiing ved ulike sjukepleiefaglege tiltak etter nærmare avtale som: handtering av medikament, injeksjonar, sårstell, stomistell, kateterstell, blodprøvetaking der brukar ikkje greier koma seg til legekantoret, m. m
- Pleie/behandling ved livsavslutning i eigen heim i nært samarbeid med pårørande og fastlege
- Formidling/utprøving av hjelpemiddel ved behov
- Hjelp ved utløyst tryggleiksalarm og behov for akutt hjelp
- Heimesjukepleie vert organisert frå omsorgstunet. Det er redusert bemanning i helger og høgtider som gjer at kun hjelp av nødvendig medisinsk karakter vert prioritert.

### Kva du kan forventast av oss som tilsette

- Du skal verta møtt på ein høfleg og respektfull måte
- God fagleg kompetanse og forsvarleg og nødvendig helsehjelp
- Du skal få hjelp som er tidfesta anten til føremiddag eller ettermiddag
- At tilsette etterlever krav knytt til teieplikt
- Informasjon, råd og rettleiing om dine rettar i høve til lovverk

### Kva forventast me av deg som brukar

- Du må vera innstilt på å installera hjelpemiddel i heimen/ommøblera enkelt-rom i heimen
- At du fylgjer opp med eigentrening/aktivitet og utfører oppgåver du kan klara sjølv
- At du er innstilt på at heimespl. avsluttar enkelt-oppgåver når ein ser at du er i stand til å klara deg sjølv – evt. ved bruk av hjelpemiddel
- Du/pårørande må syta for lett tilkomst til husværet ditt – med utvendig lys

- Snø skal vera rydda og vegen strøydd når forholda krev det
- Hundar skal stå i band eller opphalda seg utanfor det området der personalet skal arbeida
- Dersom du røyker – ber me om at du viser omsyn til at personalet skal ha eit røykfritt arbeidsmiljø og god utlufting før personalet kjem
- At du kan ta i mot studentar/lærlingar. Du har lov å takka nei, – men me håpar at du er positiv til våre framtidige helsearbeidarar

## **Praktiske opplysningar**

- Heimesjukepleien har base ved Ulvik omsorgstun
- Sjukepleiefagleg ansvarleg for tenesta er avdelingsleiar omsorg.
- Heimesjukepleien er for tida gratis

## **Saksgang ved søknad om heimesjukepleie**

- Det må føreliggja signert eigensøknad frå brukar.
- Søknad skal sendast helse og omsorgsavdelinga i Ulvik
- Repr. frå helse og omsorgsavdelinga vil føreta vurderingsbesøk i etterkant av søknad / tlf.kontakt.
- Tildeling og omfang av hjelpebehovet vert vurdert ut i frå søkjar sitt funksjonsnivå og hjelpebehov. Kartleggjingskjema vert fylt ut saman med brukar.
- Vedtak / evt. førebels svar skal føreliggja innan 3 veker etter skriftleg søknad

## **Klage på vedtak**

- Finn du grunn til å klaga på vedtaket – må klagen vera skriftleg og du må grunngi kvifor du klagar og oppgi kva du ynskjer annleis
  - Klagefristen er 4 veker frå du mottek vedtaket og klagen skal sendast avd. pleie og omsorg
  - Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak.
- Tlf. til Ulvik omsorgstun: 56527080  
Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyeni 30, 5730 Ulvik